

Møteprotokoll

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka 3.ETG BIBLIOTEKSALEN
Dato: 02.09.2025
Tidspunkt: kl. 15:00 - 17:00

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Geir Stenseth
Hans Endre Sæterøy
Svein Rune Johannessen
Åse Marie Myren

Andre som møtte

Steven Hasseldal
Ingunn Osdal Stette
Arne Olav Bang
Torill Myren
Vivian Dyb
Terje Gundersen-Røvik
Ola Andersen Godø
Solveig Kvamme

Stilling

Kommunedirektør
Ass. kommunalsjef samfunn
Verksemdleiar VA
Kommunikasjonsrådgivar VA
Ass. kommunalsjef oppvekst
Møre og Romsdal Revisjon SA
Møre og Romsdal Revisjon SA
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

PS 26/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 27/25	Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon drikkevassforsyning
PS 28/25	Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid barn og unge
PS 29/25	Orienteringar
OS 01/25	Orientering om heimeskuleundervisning
PS 33/25	Status forvaltningsrevisjon 2025 - personalforvaltning under omstilling
PS 30/25	Førespurnad om Daaetunet omsorgsbustader
PS 31/25	Budsjettramme kontrollarbeidet 2026
PS 32/25	Meldingar og skriv
MS 13/25	Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalleiarar Møre og Romsdal
MS 14/25	Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn
MS 15/25	Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn - juni 2025
MS 16/25	Protokoll frå Attvin si generalforsamling 05.06.2025
MS 17/25	Informasjon om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

PS 26/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 26/25 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Sak 33/25 vart utsendt etter hovedutsendinga, og ligg som tilleggsinnkalling. Denne vart flytta fram på saklista og vart behandla før sak 30/25.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 27/25 Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon drikkevassforsyning

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 27/25 Vedtak:

Kontrollutvalet er orientert om at kommunedirektøren har sett i verk fleire tiltak til læring og forbetring i organisasjonen. Både til drikkevassforsyninga generelt og etter den uønska hendinga med utslepp i Brusdalsvatnet.

Kommunedirektøren har levert ein framdriftsplan for tiltak i tråd med tilrådingane i revisjonsrapporten. Denne svarer ut kommunestyret sitt vedtak om oppfølging frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering frå verksemdleiar om eit år. Det er fleire tiltak og prosjekt innan verksemda som kontrollutvalet har interesse av å følgje vidare.

Kontrollutvalet si oppfølging av denne kontrollhandlinga er med dette å sjå som utført.

Behandling i møtet

Tillegg før siste punkt, foreslått av Svein Rune Johannessen:

Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering frå verksemdleiar om eit år. Det er fleire tiltak og prosjekt innan verksemda som kontrollutvalet har interesse av å følgje vidare.

Kommunedirektøren ved verksemdleiar Arne Olav Bang gav kontrollutvalet ei grundig orientering om dei tiltak som er sett i verk etter forvaltningsrevisjonen. Og informerte om dei punkt i framdriftsplanen som er under arbeid eller som er planlagt litt fram i tid.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet er orientert om at kommunedirektøren har sett i verk fleire tiltak til læring og forbedring i organisasjonen. Både til drikkevassforsyninga generelt og etter den uønska hendinga med utslepp i Brusdalsvatnet.

Kommunedirektøren har levert ein framdriftsplan for tiltak i tråd med tilrådingane i revisjonsrapporten. Denne svarer ut kommunestyret sitt vedtak om oppfølging frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si oppfølging av denne kontrollhandlinga er med dette å sjå som utført.

PS 28/25 Oppfølging av vedtak forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid barn og unge

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 28/25 Vedtak:

Kontrollutvalet vil gjerne ha ei ny orientering om arbeidet på området, om eit års tid.

Etter å ha fått ei orientering frå kommunedirektøren om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid for barn og unge, reknar kontrollutvalet denne forvaltningsrevisjonen for avslutta.

Behandling i møtet

Tillegg som første punkt i vedtaket, foreslått av Svein Rune Johannessen:

Kontrollutvalget vil gjerne ha ei ny orientering om arbeidet på området, om eit års tid.

Kommunedirektøren ved ass. kommunalsjef Vivian Dyb gav kontrollutvalet ei god orientering om status på området, og om kva tiltak som er sette i verk i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Etter å ha fått ei orientering frå kommunedirektøren om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjon psykisk helsearbeid for barn og unge, reknar kontrollutvalet denne forvaltningsrevisjonen for avslutta.

PS 29/25 Orienteringar

OS 01/25 Orientering om heimeskuleundervisning

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 01/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

Behandling i møtet

Kommunedirektøren ved ass. kommunalsjef Vivian Dyb gav kontrollutvalet ei kort orientering om status. I kommunen var det færre enn tre barn som fekk heimeundervisning. Kommunen har eit tilsynsansvar for undervisninga til det/desse.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

PS 33/25 Status forvaltningsrevisjon 2025 - personalforvaltning under omstilling

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 33/25 Vedtak:

Kontrollutvalet takkar for informasjon om framdrift i forvaltningsrevisjonen frå forvaltningsrevisorane, og tek informasjonen til vitande.

Behandling i møtet

Forvaltningsrevisorane Ola Andersen Godø og Terje Gundersen-Røvik gav ei kort orientering om status og framdrift i arbeidet med den pågåande forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning. Prosjektet er i tråd med framdriftsplan.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet takkar for informasjon om framdrift i forvaltningsrevisjonen frå forvaltningsrevisorane, og tek informasjonen til vitande.

PS 30/25 Førespurnad om Daaetunet omsorgsbustader

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 30/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå innsander til vitande.

Behandling i møtet

Kontrollutvalet vurderte førespurnaden, og ber om at sekretariatet gjer den kjent for forvaltningsrevisor i samband med neste planlagte forvaltningsrevisjon.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå innsender til vitande.

PS 31/25 Budsjettramme kontrollarbeidet 2026

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 31/25 Vedtak:

Ålesund kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Ålesund kommune er på **kr 5 725 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 600 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 1 525 000
- Rekneskapsrevisjon (inkl. KF) kr 2 130 000
- Forvaltningsrevisjon kr 1 470 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2025 for Ålesund kommune og dei kommunale føretaka.(KF).

Behandling i møtet

Kontrollutvalet støttar framlegget til budsjettramme for kontrollutvalet 2026, og sender det over til administrasjonen slik at det kan følgje budsjettsaka fram til vedtak i kommunestyret.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Ålesund kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Ålesund kommune er på **kr 5 725 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 600 000

- Sekretariatstenester (eigardel) kr 1 525 000
- Rekneskapsrevisjon (inkl. KF) kr 2 130 000
- Forvaltningsrevisjon kr 1 470 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2025 for Ålesund kommune og dei kommunale føretaka.(KF).

PS 32/25 Meldingar og skriv

MS 13/25 Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalleiarar Møre og Romsdal

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 13/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Leiar orienterte kort frå samlinga på Vestnes mandag 25. august.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 14/25 Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 14/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Medlem Hans Endre Sæterøy orienterte kort frå fagkonferansen og årsmøtet i FKT.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 15/25 Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn - juni 2025

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 15/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 16/25 Protokoll frå Attvin si generalforsamling 05.06.2025

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 16/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 17/25 Informasjon om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

Ålesund kontrollutval 02.09.2025

ÅKOU 17/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Behandling i møtet

Kontrollutvalsekretæren informerte kort.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.